



Det er eit stort tap for bygda når Oska no stengjer.

Oska, restauranten med dei fantastiske måltida, har no dessverre slutta av. Denne helga var dei siste opne arrangementa på restauranten, julebord kombinert med ein flott konsert på fredagen, og julebord med ein triveleg quiz med bra med lag laurdagen. No gjenstår berre nokre bestilte arrangement og utrydding.

Med restauranten Oska har Uskedalen hatt noko som ikkje er vanleg i mindre bygder. Roy Lervåg og Oska har verkeleg sett bygda på kartet gjennom dei vel to åra dei har hatt restaurantdrift på Sandakaien. Restauranten med den fortryllande maten har vore snakka om langt utanfor kommunegrensene. Det er mange døme på det. Eitt er frå sist eg var på kontroll på sjukehuset. Då sjukepleiaren registrerte kor eg var frå, var samtalen med ein gong over på maten og servicen på Oska. Ho og familien hadde vore der etter fjelltur, og superlativa var mange då ho skildra opplevinga.



Det var ei skikkeleg gladmelding som vart gjort kjent på Kundefesten til Spar i oktober 2015. Roy Lervåg var kjent som kokken som stod for noko ekstra!

Roy Lervåg var kjend som ein dyktig kokk då han starta drifta, m.a. etter å ha jobba på baroniet og turisthotellet i Rosendal. Eigarane av lokalet var svært fornøgde då dei kunne presentera han som den nye drivaren. Det hadde dei svært god grunn til. Dette har gjestene seinare fått oppleve gjennom smaksopplevingar og service utan sidestykke i vide krinsar. For meg og dei andre som har nytta seg av tilbodet, vert t.d. søndagsmiddagane eit stort sagn. Det var ei smaksoppleving og atmosfære som gav gjestene noko ekstra. Det var ikkje berre eit måltid. 'I Uskedalen får du gourmet-middagar til kafèprisar,' skreiv ein gjest ein gong etter eit slikt besøk. Desse middagane gav meg litt den same kjensla som om eg hadde vore på ein knallgod konsert. Den gode opplevinga slepper ikkje taket når vi går ut døra. Vi har den med oss! Eg skjønar godt at eg treffe på folk både frå Odde og Stord rett som det var under desse søndagsmiddagane.

Roy Lervåg har prøvt eit variert tilbod gjennom dei to åra. Han har vore trufast mot at det skal vera ein uteplass i roleg atmosfære der god mat og tilpassa drikke skal vera sentral. Det har vore konsertar og allsongarrangement, filmkveldar både for born og vaksne, kompletorsdagar og sjømatkveldar, quiz og øl- og matkurs, julearrangement og heilafteinar med festmåltid i det koselege lokalet i sjøkanten. Heile tida har kunstutstillingar frå flinke, men litt ukjende kunstnarar pryda veggane i det koselege lokalet i sjøkanten. I tillegg har dei drive catering.

Dessverre for Uskedalen, dessverre for resten av Kvinnherad og dessverre for alle tilreisande var ikkje besøket godt nok til at dette fantastiske tilbodet kunne halda fram. Derfor vert det Bergen som no får nytta godt av dei fortryllande matkunstene til Roy Lervåg når han no sluttar av.

Uskedalen.no har hatt mange artiklar frå Oska i den tida restauranten har vore i drift. Dette avspeglar kor viktig Oska har vore for bygda. Vi har og sett at lesarane våre har hatt stor interesse av å lesa det. Stoffet frå Oska har alltid trekt opp lesartala. Statistikken vår er veldig tydeleg når det gjeld det!!

Roy Lervåg har aldri vore pågåande for å få stoff på nettet, men den finslege karen har alltid vore takksam for det vi har publisert. Roy har vore svært kjekk å samarbeida med, og slik har vi inntrykk av at andre samarbeidspartnarar har opplevd det. Servitøren Caroline Wergeland fortel oss på facebook om den beste arbeidsplassen ho har hatt og ein sjef som har gjeve ho mulighet til utvikling. Mohammad Saher Abdalkarim

lovprisar arbeidspraksisplassen sin på kjøkkenet, og fortel på facebook at han har lært veldig mykje og er fast bestemt på å bli kokk.

Vi kjem til å sakna både Oska og Roy Lervåg sterkt i bygda. Det er kjekt når folk kjem og vil satsa på noko som gjev bygda vår 'noko ekstra'. Roy stod på med lange arbeidsdagar for å lukkast. Det hadde han verkeleg fortent. Vi ønskjer han lukke til i Bergen. Vi veit i alle fall at han ikkje vert arbeidslaus, for tilboda byrja å komma alt første dagen.

Roy Lervåg [har takka for seg](#). Vi seier tusen takk for at han satsa på Uskedalen og ønskjer lukke til i Bergen!

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland.